

## 2. GEBYRREGULATIV FOR BYGGJE- OG FRÅDELINGSSAKER 2019

Heimel for vedtaket er plan og bygningslova § 33 - 1

### 2.1 BETALINGSPLIKT OG BETALINGSSATSAR

Behandlingsgebyret er vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 33 - 1. Alle som får utført tenester etter dette regulativet skal betale gebyr etter satsane i regulativet. Satsane er knytt til tiltaket sitt bruksareal etter NS 3940 så langt som dette passar.

Minstegebyret er vist med bokstaven M, og er fastsett til kr 1 300

### 2.2 TIDSPUNKT FOR GEBYRBEREKNING

Gebyr vert berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunkt fullstendig søknad eller melding ligg føre. Gebyrkravet vert sendt til den som har underteikna søknaden som tiltakshavar.

### 2.3 BETALINGSTIDSPUNKT

Gebyret forfell til betaling etter dato for betalingsfrist gitt på giroblankett. I byggesaker som vert avgjort i to trinn, skal behandlingsgebyret betalast etter at rammeløyve er handsama og før igangsetjingsløyve vert gitt. Er ikkje gebyr betalt, kan kommunen nekte å fatte nye vedtak i same sak eller for same eigedom.

### 2.4 REGULERING AV SATSAR

Kommunestyret gjer vedtak om justering av satsane kvart år.

### 2.5 AVSLAG

Vert ein søknad avslått skal det betalast eit gebyr som utgjer 50% av ordinært gebyr.

### 2.6 ULOVLEG TILTAK ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN

På grunn av kommunen sine meirutgifter ved saksbehandlinga av ulovleg satt i gang/utført tiltak, skal det betalast eit behandlingsgebyr på 200 % av normal sats når tiltaket kan godkjennast ved behandling i ettertid.

I tillegg kan kommunen krevje dekning av sine kostnader til sakkyndig bistand. Gebyret skal også betalast der søknad medfører avslag.

### 2.7 KLAGE.

Gebyrkrav i samsvar med dette regulativ kan ikkje påklagast.

### 2.8 GEBYR I BYGGJESAKER (plbl § 20-1)

For bygningar skal behandlingsgebyret utreknast etter bruksareal eller bruttoareal der bruksareal for tiltaket ikkje kan bereknast. Gebyret skal bereknast etter fylgjande tabell:

0 - 50 m <sup>2</sup> :	kr 107 pr. m <sup>2</sup>
51 - 200 m <sup>2</sup> :	kr 89 pr. m <sup>2</sup>
201 - 400 m <sup>2</sup> :	kr 72 pr. m <sup>2</sup>
401 - 600 m <sup>2</sup> :	kr 56 pr. m <sup>2</sup>
f.o.m 601 m <sup>2</sup> :	kr 32 pr. m <sup>2</sup>

Gebyrtabellen gjeld også for hovudombygging og mellombels bygning som vert godkjent for 2 år eller meir.

## 2.9 REVIDERTE TEIKNINGAR, FORELDA GODKJENNING

For behandling av reviderte teikningar for bygning eller tilbygg på over 50 m<sup>2</sup>, etter at rammeløyve eller igangsetjingsløyve er gitt, men før ferdigattest er gitt, skal det betalast eit gebyr på 3M ( kr 3 900 ). Dette gjeld ikkje som fylgje av avgjerd i klagesak. For bygningar under 50 m<sup>2</sup> skal det betalast eit gebyr på 1M ( kr 1 300 ).

Vert eit løyve til tiltak ikkje nytta innan 3 år, eller arbeidet innstilt i meir enn 2 år, vert gebyret 50% av gebyr etter sakstype ved ny handsaming av same prosjektet.

## 2.10 GEBYR ETTER SAKSTYPE

- 2.10.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (plbl § 20-4a):  
For byggjesaker som vert behandla etter § 20-4a, vert behandlingsgebyret 2M.
- 2.10.2 Alminnelege driftsbygningar i landbruket (plbl § 20-4b):  
For byggjesaker som vert behandla etter § 20-4b, vert behandlingsgebyret 3M.
- 2.10.3 Mellombelse bygningar/konstruksjonar/anlegg, samt andre mindre tiltak (plbl § 20-4c og e):  
For byggjesaker som vert behandla etter § 20-4 c og e, vert behandlingsgebyret 2M.
- 2.10.4 Trinnvis saksbehandling:  
For byggjesaker som vert behandla i to trinn (rammesøknad og igangsettings-søknad) skal det betalast gebyr etter satsane i § 8.  
Det skal ikkje betalast gebyr for saker som er unnateke frå saksbehandling (plbl § 20-5), sjølv om tiltakshavar frivillig sender søknad eller saka vert handsama på grunn av naboprottest.
- 2.10.5 Særskilt igangsettingsløyve:  
Vert det kravd særskilt løyve til igangsetting av deler av tiltaket (graveløyve og liknande) før alminneleg igangsettingsløyve kan gis, skal det betalast eit gebyr på 1M for kvar slik behandling.
- 2.10.6 Mellombels bruksløyve:  
For mellombels bruksløyve skal det betalast eit behandlingsgebyr på 1M.
- 2.10.7 Endra sakstype:  
Vert ei sak omgjort frå søknad etter plbl § 20-4 til søknad etter plbl § 20-1 skal det betalast gebyr som for den nye sakstypen.

## 2.11 ENDRINGSARBEID, ENDRA BRUK

For ominnreiing av bygning skal det betalast halvt gebyr etter § 8 for det bruksarealet som vert berørt. Det same gjeld oppdeling/samanslåing av brukseining.

For bruksendring skal det betalast halvt gebyr etter storleiken på arealet som vert bruksendra. For mellombels bruksendring skal det betalast eit gebyr på 1M.

For fasadeendring, som er søknadspliktig, skal det betalast eit gebyr på 2M.

## 2.12 KONSTRUKSJONAR OG ANLEGG

Det skal betalast eit gebyr på 2M for følgjande tiltak som vert fremja som eiga sak:

- Utanomhusplan
- Søknadspliktige gjerdekonstruksjonar
- Anlegg/flytting/utviding av veg eller parkeringsplass
- Søknadspliktige støttemurar.
- Søknadspliktige terrengendringar

- Plassering av mellombels og flyttbare konstruksjonar.
- Kommunalteknisk anlegg for veg, vatn og avløp

Det skal betalast eit gebyr på 4M for søknad om:

- Permanent kai, molo, sjøfylling
- Utandørs symjebasseng.
- Flytebrygger

Det skal betalast eit gebyr på 6M for søknad om:

- masseuttak/fylling over 10.000 m<sup>3</sup>.

Det skal ikkje betalast gebyr for handsaming av tiltak nemnt ovanfor når tiltaka vert handsama, godkjent og utført samtidig med byggjeløyve for bygning eller tilbygg.

## **2.13 RIVING AV BYGNING**

Søknad om riving av bygning under 50 m<sup>2</sup> er gebyrfritt. Det same gjeld fjerning av andre mindre konstruksjonar og anlegg.

For riving av bygning over 50 m<sup>2</sup> og større konstruksjonar og anlegg, skal det betalast eit gebyr på 2M.

## **2.14 SKILT OG REKLAME**

For skilt og reklame skal det betalast eit gebyr på 2M pr. søknad.

## **2.15 TEKNISKE INSTALLASJONAR**

### **2.15.1 Heis:**

For heis, rulletrapp og rulleband skal det betalast eit behandlingsgebyr på kr 4 650 for kvar installasjon. Gebyr til Norsk heiskontroll kjem i tillegg. I tillegg skal det betalast eit gebyr på 1M for driftsløyve. For arbeid med oppfølging av pålegg om utbetring av heisanlegg, i samsvar med til-standsrapport frå Norsk Heiskontroll, skal det betalast eit gebyr på 1M.

### **2.15.2 Fyringsanlegg:**

For søknad om fyringsanlegg i eksisterande bygning skal det betalast eit behandlingsgebyr på 1M. Herunder også rehabilitering av pipe.

### **2.15.3 Ventilasjonsanlegg:**

For søknad om ventilasjonsanlegg i eksisterande bygning, skal det betalast eit behandlingsgebyr på 2M.

For pipe, fyringsanlegg og ventilasjonsanlegg skal det ikkje betalast gebyr når tiltaket vert meldt samtidig med nybygg.

## **2.16 GODKJENNING AV PERSONLEG ANSVARSRETT**

For godkjenning av personleg ansvarsrett skal det betalast eit gebyr på 2M.

## **2.17 DISPENSASJONAR I BYGGJESAKER**

Ved søknad som inneber dispensasjon frå gjeldande plan eller lover/vedtekter som kan behandlast etter delegasjonsfullmakt, skal det betalast eit tilleggsgebyr på kr 6 300 for meirarbeid i saksbehandlinga. For to eller fleire dispensasjonar skal det betalast eit samla gebyr på kr 12 500 .

## 2.18 FRÅDELINGSSAKER

For behandling av søknad om frådelling av sjølvstendig parsell, tilleggsareal, grensejusteringar (makebyte) skal det betalast eit gebyr på kr 4 200 .

For behandling av søknad om dispensasjon som kan behandlast etter delegasjonsfullmakt i samband med delingssøknad, skal det betalast gebyr etter punkt 2.17 i dette gebyrregulativet. Gebyr for arbeid med kartforretning, oppmåling, matrikkelbrev og tinglysing kjem i tillegg og vert utsendt separat frå oppmålingsavdelinga.

## 2.19 TAKSTAR FOR EIGEDOMSINFORMASJON

Meglerpakke – stykkprisliste

<b>Kopi av:</b>	<b>Pris eks. mva</b>
Meglerpakke	kr 1 700
Ekspedisjonsgebyr	kr 200
Matrikkelbrev. Sjå gebyrregulativ kap III pkt 12.	
Målebrev eventuelt skylddelingsforretning	kr 200
Godkjende byggeteikningar (plan- og fasadeteikningar)	kr 200
Utsnitt av reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsbestemmelser eventuelt arealplan	kr 200
Opplysningar om kommunale avgifter og eventuell restanse	kr 150
Ferdigattest eller midlertidig brukstillatelse	kr 150
Utsnitt av situasjonsplan – kart med VA- opplysninger	kr 150
Opplysninger om evt. godkjende, men ikkje gangsatte projekt på tilstøytande eigedom	kr 300
Naboliste	kr 100
Seksjoneringstillatelse	kr 200
Situasjonsplan A4 - farge	kr 50
Situasjonsplan A3 - farge	kr 100
Byggevedtak/byggeløyve	kr 200
Eigedomsinformasjon	kr 200
Utsnitt av kommunen sin arealdelplan	kr 150